

# OS Kyrkjeblad

Nr. 4 / desember 2016 / 71. årgang



## Velkommen til gudsteneste!

NRK sender gudstenesta  
frå Os Kyrkje denne jula!

Les meir på side 3



Glad

Trist

Sint



### Laurdags Sprell!

Vel 50 små og store møtte opp ved oppstart laurdag den 12.november!

Les meir på side 8



### La fleire fylle fem!

Les om Lavanía (5) frå Sinjar som er på flukt frå IS saman med familien sin.

Les meir på side 9

### Håp og medmennesker

Det er mange kontrastar mellom dei som har budd i Noreg største delane av livet sitt, og dei som kjem hit som innvandrar. **Les meir på side 7**

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

**REDAKSJON:**

Gerhard Hansen og kyrkjestaben.

**ADRESSE:**

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os  
Besøksadresse: Øyro 49

**UTGJEVAR:** Os sokneråd**ANSVARLEG REDAKTØR:**

Gerhard Hansen

**LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:**

Picapoint Studio  
[www.picapoint.no](http://www.picapoint.no)

**FOTO FRAMSIDE:**

Os sokneråd

**TRYKK:** Borge Grafisk AS

**OPPLAG:** 8.055 stk

**OS SOKNERÅD:**

Postboks 209 - 5202 Os

**LEIAR:**

Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598  
[antu-bjo@bkkfiber.no](mailto:antu-bjo@bkkfiber.no)

**OS KYRKJE:** Tlf. 56 57 24 10**KYRKJEKONTORET I OS:**

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.  
Fax 56 57 24 01. E-post: [post@os.kyrkja.no](mailto:post@os.kyrkja.no)  
Kontortid: måndag-fredag kl.09-14



LEIAR

## Nytt år - ny kyrkje?

Eg var på landskonferanse for prostar i april 2008. Så godt som alle prostar og biskopar i landet var samla. Kyrkjeminister Giske var fråverande. Han dreiv med viktige saker i Oslo. Nokre av oss tykte det var temmelig arrogant. Så kom det nytt frå hovudstaden: Alle partia på Stortinget var samde om at statskyrkja gjekk mot sin ende.

Då detaljane i forliket kom, sa ein høgtståande byråkrat i departementet: «Dei har endra grunnlova, men holdt fast ved statskyrkja» Etter handsaming i to ulike Storting og minst  $\frac{3}{4}$  fleirtal i kvart, var kyrkja klar for å styre seg sjølv.

Dei seinare åra er det kyrklege organ, ikkje kongen i statsråd, som har tilsett biskopar og prostar, vedtatt liturgi osb. Den 1. januar 2017 skjer verksemdsoverdraginga, og dei siste banda til staten som skal løysast, vert dermed løyste. Framleis kjem ein til å bruke både tid og krefter på å finne forma, som kor arbeidsgjevaransvar skal liggje, kor mange nivå vi skal ha, opprette nye rutinar for økonomistyring, etc.

Men: Kyrkja skal framleis vera kyrkje.

Ho skal vere der for folket i gleder og sorger, teikne himmel over liva som vert levd. Peike på Guds nærvær i vår verd, breie og famne om alle. Kyrkja er for open, synest nokon: Det går t.d. ikkje an å praktisera motstridande syn på vigsel av likekjønna. Andre, av begge syn, meiner at dette toler vi. Vår biskop har gjeve eit sterkt bidrag til å halde kyrkja samla. Vi har ei viktig oppgåve: Å syta

for at også framtidige slekter skal få læra Jesus å kjenna. Trusopplæringa vår er viktig. Her trengast mange frivillige. Vi skal vere ein motkultur mot eit samfunn der menneskeverdet har dårlege kår. Avisoverskrifter dei siste dagane syner at dette er viktig: «Foreldre søker erstatning fordi de har fått barn med sæd frå donor med genfeil» «Hva skal vi gjøre med alle de syke og fattige som er blitt en byrde for oss velfungerende rike?» «Sju år gammal gut sendt heim til bomber i Afghanistan».

Vi treng ei kyrkje, eit fellesskap av menneske som ynskjer å følgja Jesus. Vi kan aldri bli feilfrie slik han var, vi kjem til å gjere feil, ta feile val. Slik har hans læresveinar alltid gjort.

Slik er spørsmål om kyrkja si ordning viktig, og den må på plass. Men utan menneske som samlast om ord og sakrament, som ynskjer å dele tru, som ynskjer å følge Jesus ut i verda, som freistar å møte menneske slik han gjorde, sjå den einskilde – har vi inga kyrkje, same kva ordning vi har.

**Margrethe Holmboe Askeland**  
SOKNEPREST





## Gudstenester i jule- og nyårshelga

### LURANETUNET

#### Julaftan kl 11:00

ved Sokneprest Margrethe Askeland.

### OS KYRKJE

#### Julaftan kl 13:30

ved Kap. Roar Evjedal.  
Oppnak til NRK, sjå ramme.

#### Julaftan kl 15:15

ved Kap. Roar Evjedal.

#### Julaftan kl 16:30

ved Kap. Roar Evjedal.

#### 1. juledag kl 11:00

Oppnak til NRK, sjå ramme.

### NORE NESET KYRKJE

#### Julaftan kl 14:30

ved Seniorprest Knut Ivar Askeland.

#### Julaftan kl 16:00

ved Seniorprest Knut Ivar Askeland.

#### 2. juledag kl 11:00

Seniorprest Knut Ivar Askeland.

### LYSEKLOSTER SKULE

#### Julaftan kl 15:30

ved Sokneprest Margrethe Askeland.

## Konserter i kyrkjene fram mot jul:

DAG	Klokka	STAD	Medverkande
Sundag 4. desember	18:00	Os kyrkje	Os musikkforening
Tysdag 6. desember	12:00	Os kyrkje	Kyrkjekoret og skuleelevar
Torsdag 8. desember	20:00	Os kyrkje	FONOS
Fredag 9. desember	18:00	Os kyrkje	FONOS
Sundag 11. desember	18:00	Os kyrkje	Nornekoret
Sundag 11. desember	18:00	Nore Neset kyrkje	Lysekoret
Måndag 12. desember	19:00	Os kyrkje	JoinUs Ten Sing
Onsdag 14. desember	19:30	Os kyrkje	Os kammerkor
Fredag 16. desember	07:30	Os kyrkje	Kongshaug musikkymnas
Laurdag 17. desember	16:00	Os kyrkje	Kongshaug musikkymnas
Laurdag 17. desember	19:00	Os kyrkje	Kongshaug musikkymnas

## NRK sender gudstenester frå Os Kyrkje denne julen!

Julegudstenesta, den 24. desember, kl 13:30 vert tatt opp og sendt på NRK1 og radio på julaftan, kl 16:00. Dei som vil vere med å fylle kyrkja må møte mellom kl 12:45 og seinast kl 13:15. Oppmøte 1. juledag er seinast kl 10:45.

Det er viktig informasjon som skal formidlast dei siste 15 min. før gudstenesta startar. Det er difor viktig at alle tek seg tid til desse ekstra minuttane. Og gode osingar; slutt sterkt opp om gudstenestene som skal sendast. Og vil du sjå på TV, så gjer det heller i etterkant; du vil finne sendinga på nettet.





# Ungdomsavdelinga

I haust har det skjedd ein del ymse på ungdomsfronten; alt frå tur med ungdommane, som du kan lese meir om i dette bladet, til Natt i tunet/ LAN for ungdommar i 8. klasse og opp til andre året på vidaregåande skule.

På "Natt i tunet" vart det konkurrert i ymse spel, i tillegg til at det vart vist film på ungdomsrommet og Roar var med og holdt ei kveldsandakt.

For at Natt i tunet/ LAN skal kunne gjennomførast er vi avhengige av frivillige til å hjelpe oss med alt frå å lage mat til å rigge utstyr opp og

ned, samt til vakthald. Tusen takk til kvar enkelt av dykk som har bidratt, de veit kven de er. Elles går ungdomsarbeidet som vanleg, men vi har bruk for fleire som ynskjer å bety noko for ungdomen, så om du tenkjer at du kanskjekan bidra med noko til ungdommen, ta kontakt med meg. Eg ser fram til å høyre frå deg!

Utanom dette er det fleire opplevingar i emning. Blant anna Youth Alive som skal arrangerast til våren att. Dersom du ynskjer å snakke med meg om ungdomsarbeid, kom innom kontoret mitt så vi kan ta ein prat!

Lars Joar Hilleren

## Kom i julestemning med Join Us Ten Sing!



**Julekonsert måndag den 12. desember, kl 19:00, i Os kyrkje.**

Billettar ved inngangen: Born kr 25 / Vaksne kr 50.

Vi håpar å sjå nettopp deg i kyrkja denne kvelden - og vi ynskjer vel møtt!

Helsing styret i Join Us Ten Sing

## TweenSing er i gang!

**Kvar tysdag fyller femten tweens Nore Neset kyrkje med liv og latter, fantastisk korsang, kule dansemoves, vitsar, juicesøl, leik og moro.**

Vi øver kvar tysdag i Nore Neset kyrkje kl 18 – 19.30. Vi syng og øver på songar, har ofte ein leik, før vi høyrer ei andakt og avsluttar med å ete kveldsmat saman.

Tween Sing er eit kristent korarbeid drifta av Os kyrkjelyd for tweens i heile Os. Koret er for aldersgruppa mellom/between (derav tweens) born og tenåringer - altså femte og sjuande-klassingar. Vi syng og øver inn korsongar, vi har tilgang på Musikkbingen på Nore Nest, der vi kan øve i band.

Vi ynskjer at Tween Sing skal vere ein sosial stad for alle 10-13-åringar. Vi ynskjer å gje dei moglegheitene til å utfalte seg kreativt gjennom kor, etterkvar band og kanskje dans, drama, teknikk og andre kreative uttrykksformer. Vi ynskjer å leggja til rette for eit trygt og inkluderande miljø, der deltakarane sjølv skal få vere med på å bestemme innhaldet i arbeidet.

Allereie den 5. februar skal vi delta på «Storkonsert» i Grieghallen, arrangert av Team Sulebakk. Her deltek vi i storkor med ca. 300 andre korsangarar, men andre store artistar, som The main Level, deltek også. Det blir stor stas å få vere «backstage» med dei!

### Vaksenstøtte

Kjenner du minner frå gamle «band-dagar» kitle deg i nakken? Bli med som vaksenstøtte for tweensa i Musikkbingen, og gje dei noko av glede du sjølv fekk oppleve! Ta kontakt dersom du har lyst å bidra.

Helsing Korleiar Gro Helen B. Skjælaaen (epost: [ghs@os.kyrkja.no](mailto:ghs@os.kyrkja.no) / 56572412) og musikalisk leiar Silje Nora Hindenes



# ENGLAND 2016

I 2012 var det fyrste gongen ein ungdomsgjeng frå Os vitja Barrow-in-Furness. I 2014 vart tur nummer 2 gjennomført, og i år drog nok ein gong ungdommar frå Os til Barrow i haustferien. Dei fekk sjå og oppleva eit levande ungdomsarbeid i byen, og fekk og med seg ein regional ungdomsfestival.

Ei gruppe på 20 born, ungdom og vaksne frå Os kyrkjelyd vart supplert med fem personar frå Askøy. Det var ei kanonfin gjeng som gjekk ombord på Norwegianians fly frå Bergen til London, fredags kveld den 7. oktober. Den neste veka skulle vise seg å vere ein fin måte å bruka haustferien på: vitjing hos Os kyrkjelyds misjonsprosjekt i England.

## Ablaze now

Etter nattbuss frå London til Barrow, og nokre timar til med noko i nærlieken av sovn i ei halvkald St. Paul's Church, gjekk ferda vidare til AblazeNow, ei regional samling av alle ungdomskyrkjelydane i Carlisle Bispedøme i Penrith. Dette er ikkje noko nytt konsept, men ei vidareføring av ei liknande samling, Ablaze, som vart lagt ned i 2009. AblazeNow vart fyrste gong arrangert i 2015, og programmet var meir spissa enn gamle Ablaze. Arrangementet starta og avslutta med lovsonsamlingar med tale av NMS misjonær Kristian Tjemsland. Det var seminar som handla t.d. om kven Jesus var, korleis ein kan dele trua i kvardagen og kva ein kristen respons til flykningkrisa kan vere. I

tillegg var det typiske festivalaktivitetar som fotball, trommekurs og kafévitjing. Ungdomskyrkjene i Carlisle Bispedøme er spredt rundt i små «enklaver», og det er tydeleg at ein storsamling som AblazeNow er viktig for dei unge som møter kvarandre i dei små, lokale gruppene rundt omkring i Cumbria.

## The Gathering

Det siste året Ingvild og Roar Evjedal var i Barrow og The Pulse byrja dei så smått med etableringa av ei ungdomsgudsteneste, eller ein gathering, som den vart kalla, som dei skreiv om i visjonsdokumentet dei forfatta i oppstarten av arbeidet. Tanken var å samle alle smågrupper til ei stor gruppe. I skuleåret 2012/ 13 var det tre slike ungdomsgudstenester, ein i kvart skulesemester. Då Andy Ward overtok bygde han ut konseptet, og etter kvart var det månadlege gatherings, før det vart til gatherings annakvar veke, slik det er no. I byrjinga var ungdomsgudstenesten ein ambulerande sak mellom dei forskjellige kyrkjene, men i fjar fekk The Pulse lov å bruke sakrestiet i St. Paul's Church som

fast base. Dei laga eit kafélokale som dei har kalla The Hideout. Her var Os- og Askøygjengen på gathering, og meir enn dobla antallet tilstedevarande. Andy ga ein tilbakemelding på det, at det var bra for dei vaksne som var innom å sjå, for då kunne dei få ein oppleveling av korleis det kan vere når rommet er stappfullt med ungdommar.

## Store opplevelingar

På ungdomstur vert det også lagt stor vekt på det sosiale. Det blei det god tid til på bussturar frå og til flyplassen, til Penrith saman med ungdommar frå Barrow og Ulverston (inkludert ein sangkonkurranse mellom Noreg og England), dagstur til Manchester, generelt mykje vandring i Barrow, felles frukostar på hotellet og felles avslutning på dagen. Spørsmål har allereie kome om det vert ny ungdomstur til England, og det vil det nok bli. Men før det håpar vi at vi kan få nokre ungdommar frå England hit til Os. Gode band er i ferd med å byggjast mellom Os, Askøy og Barrow. Det er vi som var med som leiarer takknemlege for.



# Trinn III har reist seg

Arbeidet med trinn III pågår for fullt og når dette lesast er det venteleg «tett hus». Fredag 25/11 markerte vi kranselag og handverkarar, arkitekt og konsulentar + stab var samla til felles lunsj i kyrkjetunet. Framdrift går etter plan forsikrar byggmeistarar Aarvik og vi siktar oss inn mot å ta nybygget i bruk tidleg i mars 2017.

## VIL DU VERE MED PÅ LAGET ?

Ver med på gjevartenesta til trinn III

Den faste gjevartenesta har passert tjue tusen kroner i månadlege gåver til trinn III, men det er enno eit stykke fram til det som trengast for å betale renter og avdrag på nybygget. Kvar månad treng vi minimum seksti tusen kroner ettersom vi samstundes skal oppretthalde den øvrige drifta i kyrkjelyden. Vi ber difor om at fleire tek ansvar med å gje faste bidrag til trinn III. Det er fleire måtar du kan teikne ei fast gjevarteneste på:

### Nettbank

Set opp fast månadleg betaling i nettbanken din ved betaling til konto 3201 53 23476. Merk betalinga med namn og personnummer.

### Du kan teikne gjevarteneste sjølv

ved å gå inn på [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os). Under artikkel omkring Kyrkjetunet er det ei lenke der du kan teikne fast gjevarteneste.

### Avtalegiro

Du kan hente fullmaktskjema for avtalegiro i kyrkjene og på kyrkjekontoret, og levere avtalen utfylt og signert, til kyrkjekontoret eller ein av prestane.

### VIPPS

Sök opp firma 20 250 el Os sokneråd. Vel beløp og merk beløpet «trinn III» og betal det lommeboka og hjartet meiner er riktig Eingangsbeløp eller fast trekk kvar månad?



### Du kan bruke mCASH

Du kan gje ei gave ved å bruke mCASH og skanne QR-koden:



## Skattefritak

Gåver til ideelle lag og organisasjonar (som soknerådet er definert som), kan meldast inn til Skattemyndigheitene som private gaver.

Gåver på minimum kr 500,- og maksimum kr 25 000,- pr person kan trekkest frå når skatteoppgjerset skal setjast opp.

Soknerådskontoret melder inn gåver tidleg i januar for førre år. For skattereduksjon for 2016 må pengegåver vere registrert innbetalt seinast 31/12-16 til Soknerådet sine konti.

# Vi er håpet for våre medmennesker

Nordmenn kan karakteriserast som stille, dei søker einigkeit og likskap, og er tilbakehaldne. Det går for det meste på det jamne. På bussen ynskjer vi helst eit sete for oss sjølv. Når vi er ueinige er det viktig for oss ikkje å vise det til andre, og vi søker einigkeit i lukka rom. Vi er sjølvstendige og uavhengige.

I Noreg blir mange eldre plassert på eldrehemar. Dette står i kontrast til andre kulturar der det er vanleg at den eldre flyttar heim til familien slik at dei kan ta seg av vedkommande. I mange kulturar er det sosialt å ta bussen. Folk helsar på kvarandre, om ein kjenner den andre eller ikkje. Høglydde diskusjonar i offentlege rom er ein del av kvardagslivet. Kulturforskjellane viser seg raskt om ein reiser litt lenger sørover. Noreg kan opplevast som eit kaldt samfunn når ein kjem hit frå ein annan kultur. Korleis kan vi vere håpet for våre medmenneske som har flykta frå sin eigen kultur som er så annleis frå den norske? Dei kulturelle skilnadene kan gjere det å navigere i det norske samfunnet utfordrande og vanskeleg.

Fråvær av kommunikasjon skapar frykt. Ved å prøve skoen til den andre kan vi forstå meir av korleis den andre har det. Ved å spegle oss i den andre kan vi sjå korleis den andre opplever meg. Skal vi vere håpet til medmenneska våre må vi snakke med den vi møter, i enkle bokstavar og ord om korleis samfunnet vårt fungerer.

Godleik, verdighet, håp og omsorg er store ord som er nødvendige å konkretisere. Det er først når vi konkretiserer desseorda at folk kan oppleve noko verdifullt og at det betyr noko. Vi skal «gjere» nestekjærleik. Språket er viktig i møta med den kvarandren. Språket kan inkludere, men også ekskludere.

Korleis kan kyrkja vise at den vil folk vel? Veit folk at kyrkja vil dei vel? Dei første kristne fellesskapene var prega av det sosiale livet i kyrkjelydane. Enkene som til vanleg vart utstøytte av samfunnet, fekk ein plass i kyrkjelyden. Kyrkja kjempa for retten til dei svake i samfunnet. Dette har verda blitt prega av og er ein viktig verdi i kvardagen vår. Det er ei viktig historisk arv og perspektiv.

*Det er mange kontrastar mellom dei som har budd i Noreg største delane av livet sitt, og dei som kjem hit som innvandrar.*

Jesus lærte folk om den barmhjertige samaritanen som hjalp eit medmenneske i naud, trass i at dei ikkje hadde noko felles. I kvart møte med ein annan, møter vi vår neste. Når vi møter den andre er vi den som står nærmast. Håp blir skapt der vi møter kvarandre og vi merkar at vi vil kvarandre vel. Dette handlar om å vere der menneske er, for kvarandre å vere verkeleg til stades, med venlegheit, interesse og respekt. Dette handlar om å vere ei diakonal kyrkje. Verden er ein kaotisk stad. Kvardagen er pulserande med støy og larm. Vi har behov for å trekke oss tilbake for å finne ro. Ei viktig diakonal oppgåve er å hjelpe menneske til å finne ro, og til å berre vere til i suget. På gudstenesta blir vi sendt ut i teneste. Denne tenesta handlar om å hjelpe kvarandre, om å vere der for kvarandre, og om å møte den andre med genuin interesse.

*Kjelde: Hilde Frafjord Johnson, Greta Gramstad, Harald Stoltzenberg, Henrik Syse og Halvor Nordhaug.*

**Jannike Gangstø Rogne**  
DIAKON



Glad



Trist



Sint



Berusæ



# LaurdagsSprell

**Nytt barne- og familietilbod i Nore Neset kyrkje.  
Vel 50 små og store møtte opp ved oppstart  
laurdag den 12.nov!**



«Dette var kjekt!» «Det er så fint å vera her i dette rommet...» «Perfekt laurdagsaktivitet!» «Sakkeus, han var veeeeldig liten» «Vi kjente ikkje kvarandre før, men no gjer vi det!».

Dette var noko av utsagna som summa i lufta under første «LaurdagsSprell», i Nore Neset kyrkje. Vi inviterte barnefamiliar til song og leik, bibelforteljing og felles grautmåltid, og mange møtte opp.

Vi gjekk altså tom for graut. Det burde vi sikkert ikkje seie noko om.....men det kjekke opp i det heile var at så mange møtte opp og ville ta del i LaurdagsSprell-aktiviteten

vår! Dette viser at ei slik samling er noko barnefamiliar set pris på. Vi er utruleg glade for endeleg å kunne setje denne ideen ut i livet!

## Kva er LørdagsSprell?

Ein laurdag i månaden, kl 11 – 13, samlast barnefamiliar i Nore Neset kyrkje. Her syng vi saman, store og små. Så får borna høyre ei bibelforteljing frå sondagsskuleopplegget «Sprell Levande». Etterpå leikar vi litt; med duplo, lego, turner på matter eller teiknar. Klokka 12 et vi graut saman før vi avsluttar saman i ring.

Fokuset er på bornet mellom 1 og 5 år, men vi ynskjer at heile familien skal kjenne seg velkommen. Vi ynskjer ikkje å leggje opp til aktivitet som deler familien. Det er helg og familien har behov for å vere saman, og det skal dei få vera på LaurdagsSprell.

Her kan du treffe kjente gjennom babysong, eller bli kjent med nye familiar. Her er terskelen lav og døra høg!

**Vel møtt neste gong,  
laurdag den 3.desember!**

Sjå [www.kyrkja.no/Os](http://www.kyrkja.no/Os) for datoar for nyåret.



## Vi inviterer igjen agentar til Os kyrkje!

**Oppdrag:** Å løyse ulike oppdrag

**Stad:** Os kyrkje

**Tidspunkt:** 28. og 29. januar

**Kven:** Dei modigaste, beste og  
unike 2008-kullarar...

(altså dei som er født i 2008)

Tårnagentane er eit nasjonalt trusopplæringstiltak og er utarbeida av Den norske kyrkja i samarbeid med Søndagsskulen. Denne helga får 3.-klassingane mykje opplæring i korleis vi, gjennom bibelforteljingane, kan lære å verte gode agentar for kvarandre og for det gode. Tårnagentane får høyre og

opp leve at desse «tipsa» kan takast med og brukas inn i kvardagen vår i dag.

Ein mystisk agent vil gje oss oppdraga gjennom dagen. Vi løyer oppdraga saman på ulike vis... Fleire metodar må takast i bruk denne laurdagen. Dei som er døypt blir invitert i posten, men ALLE som er fødde i 2008 er hjarteleg velkomne til å vere med!

Til denne helga treng vi fleire vaksne «englevakter». Har du lyst å vera med, ring til anten Hege eller Gro Helen (56 57 24 00)!



# La fleire fylla fem!

**Lavania (5) frå Sinjar er på flukt  
frå IS saman med familien sin. I  
flyktningleiren Kabarto i Nord-  
Irak sikrar kyrkjelyden vår, saman  
med Kirkens Nødhjelp, reint vatn  
til 28 000 mennesker. Offeret til  
Kirkens Nødhjelp i jula går til  
arbeidet med å gje fleire born ei  
framtid.**

Lavania og familien hadde eit godt liv i Sinjar, med eige hus i landsbyen Ger Azir. Så gjekk IS til åtak.

- Vi hørde skot og bomber og flykta til Sinjar-fjellet. Lavania var berre tre år gammal den gongen, og ho sa heile tida at ho trudde IS kom til å drepe oss, fortel mora Jazia Hassan. Familien mista besteforeldre og ei tante og ein onkel som vart att i landsbyen. Dei veit framleis ikkje kva som skjedde med dei.

- På Sinjarfjellet, der vi var i ni dagar, hadde vi problem med mat og vatn. Vi drakk mjølk frå sauер, fortel Jazia.

No har familien funne tryggleik i leiren Kabarto, eit stikkje utanfor Dohuk. Her bur 28 000 mennesker i kvite telt på rekke og rad, så langt auget kan sjå, midt i den tørre øydemarka. Kirkens Nødhjelp sikrar reint vatn og gode sanitærforhold for flyktingane. Dei gjev også hygieneopplæring til borna.

- Livet i leiren er bra. Eg har fått mange nye venner her, men eg hugsar veninnene mine frå Sinjar. Eg håpar eg får treffa dei att, seier Lavania.

## Viktig bursdag

Kvar minutt dørre elleve born som enno ikkje har rukke å fylle fem år. 98,7 prosent av desse borna vert fødde i fattige land, og vassrelaterte sjukdomar er mellom dei viktigaste dødsårsakene. Fødselskomplikasjonar, feilernærings, meslingar og lungebetennelse er andre viktige årsaker.

Saman med vår eigen organisasjon, Kirkens Nødhjelp, bidreg Os Kyrkjelyd til å sikre ein trygg fødsel, gode helsetenester, reint vatn, ernæring og tryggleik til born i fattige land og til born som er på flukt.

Å fylla fem år kan samanliknast med å kryssa ei bru. Når ein har fylt fem, er sjansen for faktisk å få veksa opp langt høgare.

Lavania fylte fem år i flyktningleiren Kabarto

- Når eg vert stor har eg lyst til å bli lege, fortel ho.

## Eit barn er født

I jula feirar vi bornet som vart fødd i ein stall for 2000 år sidan. Denne jula vil vi også minne om borna som vert fødde inn i vår verd i dag, i fattige land som Malawi og Etiopia, eller på flukt frå krig og liding i Syria og Nord-Irak. På julegudstenesta vonar vi du vil gje ei gåve til arbeidet vi gjer saman med Kirkens Nødhjelp. Hugs å ta med kontantar til kollektene. La fleire fylla fem!



- Når eg vert stor har eg lyst til å bli lege, seier Lavania (5). Saman med familien har ho funne tryggleik frå IS i leiren Kabarto i Nord-Irak. (Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp)

## VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon  
og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

[Les mer og meld din interesse på  
kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir mening.



 **KIRKENES  
SOS**

# I kong Davids by det hende (46)

*I kong Davids by det hende, som profeten hadde sagt.  
I ein stall og i ei krubbe vart eit barn til kvile lagt.  
Bornet var Guds sanne ord. Møy Maria var hans mor.*

*La oss gå til dette barnet som er Gud og Herren vår.  
Han kom ned frå høge himmel, ville dele våre kår.  
Alt det ringe og det svake vil han nådig til seg take.*

*Her på jorda bornet levde. Dag for dag han vaks lik oss.  
Heldt seg saman med det lave. Døden fann han på ein kross.  
Fridde seg or dødens makt, og sto fram i guddoms prakt.*

*Våre auger snart skal sjå han når vi møter han til sist.  
For det vesle born i krubba er vår Herre Jesus Krist.  
Herifrå han tek oss brått, fører oss dit han har gått.*

*Ikkje i ei ussel krubbe, bunden under jordisk band  
- men i himmelen skal vi sjå han, ved Gud Faders høgre hand.  
Kringom han i kvitt vi står, alle som fekk barnekår.*

Ein av dei engelske christmas carols som er mest sunge er «Once in royal David's city». Då BBC tok til med overføringa av Nine Lessons and Carols frå King's College Chapel i Cambridge i 1928, hadde dei denne som prosesjonssong. Slik vert songen brukt mange stader i verda.

Teksten er skiven av Cecil Frances Alexander (1818-95) som vart født i Dublin. Ho er ein av pionerane til å skrive salmar særskilt for born. Hennar bok «Hymns for Little Children» blei trykt i 69 opplag på mindre enn 50 år.

Komponisten Henry John Gauntlett (1805-76) har skrive meir enn 1 000 salmetonar. Av desse er denne den absolutt mest sungne. Alt ni år gammal vart han organist i kyrkja i Olney, der far hans var prest. Han var organist i St. Olave's Church i Southwark (1827-46), midt i London.

**Andrew Holman**



## Sokneprestens hjørne: Mot eit jubelår

**Vi går mot 2017. Det er 500 år sidan munken og professoren i Wittenberg, Martin Luther, ynskja ein debatt om kyrkjeleg praksis i spørsmål om synd og syndstilgjeving.**

Slik skikken var, slo han opp sine teser til debatt på kyrkjedøra. Det vart større konsekvenser av dette enn Luther hadde tenkt, kyrkja vart endra. Bibel på morsmål og nåden åleine er ein viktig arv etter han.

Luther står i ein samanheng. Hundre år etter svartedauden hadde herja, hadde Europa kome seg på føtene att. Siste halvdel av 1400-talet vart det

født menn som skulle endre verda og verdsbiletet for alltid. Columbus og Vasco da Gama reiste ut og oppdaga landområder som var ukjent for europearar. Michelangelo og da Vinci sette sitt preg på kunst og vitskap. Guttenberg tok til å trykke bøker, og Kopernikus oppdaga at sola, ikkje jorda, var sentrum i tilverret.

Også innan kyrkja skjedde det mykje. Den baskiske adelsmannen Ignatius vårt såra i krig og fekk ein lang rekonvalesens. På denne ufrivillige retreaten vart grunnlaget for hans «Andelege øvingar» lagt. Framleis er dette verket sentralt i andeleg vegleiing langt utanfor den katolske kyrkja.

No skal altså Luthers teser og reformasjonsjubileum få prege 2017. Bergen får, som einaste by i Noreg, vitjing av bussen som reiser rundt til reformasjonsbyar i heile Nord-Europa. Den 4. mars 2017 kjem den til Bergen. Det vert skipa til Luther-festdagar den 3. - 7. mars, i samarbeid mellom Bjørgvin bispedømeråd og reformasjonsjubileet i den evangeliske kyrkja i Tyskland.

Det kan vere vel verdt å nytta jubelåret til å dykka litt ned i Luther igjen, han har framleis viktige ting å læra oss.

**Margrethe Holmboe Askeland**  
SOKNEPREST



# Notat frå møte i Soknerådet 10. november

På sitt møte 10.november behandla soknerådet regelverk rundt «navna minnelund» som vil komme på plass på Kuventræ gravplass i 2017.

Namna minnelund er ein relativt ny skikk i Norge, den vaks fram etter mange gode erfaringar frå Sverige. Namna minnelund er eit felt der gravene ikkje har

sine eigne gravminner, men alle har eit minne i lag. På minnesmerket er det anledning til å setje opp navneskilt med navn og årstall for fødsel og død for den gravlagde.

Gravplassforvaltninga sørger for planting og stell. Samtidig kan de etterlatte setje frå seg blomar og lys når dei måtte ynskje det. Ein av fordelene med namna minnelund er at det er

både enklare og rimelegare for dei etterlatte å delta i eit felles minnesmerke enn å kjøpa sitt eige. Sjølv om mange vil ønskje dei tradisjonelle gravene, vil soknerådet leggje til rette for ulike skikkar for å imøtekome osinganes ulike ynskjer og behov.

Soknerådet diskuterde også gudstenestene i Os. Vi har en jevn og god oppslutning om

gudstenestene. I oktober var det i gjennomsnitt omlag 250 til gudsteneste kvar sundag. Vi må likevel arbeide vidare for å prøve å nå endå fleire, gjere gudstenesta til eit godt samlingspunkt for heile kyrkjelyden. Me ynskjer at mange skal vere involverte, og at dei som kjem skal oppleve at gudstenesta angår dei.

**Arne Tveit**

## «Bli kjent i kyrkja»

I haust vart kurset «Bli kjent i kyrkja» på nytt arrangert i Os kyrkjelyd. Første gong kurset gjekk var i 2011.

Mykje glede, litt alvor og godt fellesskap er nokon ord som kan skildre kurset. Målet med kurset er å bli kjent i kyrkja og med det som skjer i kyrkjelyden.

På kurskveldane har det vore samlingar med undervisning, med kveldsmat og framvising av bileter frå sist, som avslutning for kvelden.

Den fyrste kvelden var tema gudsteneste. Her fekk vi læra om dåp og om nattverd. Den andre samlinga hadde tema bryllaup. Då laga vi til viggle. Deltakarane fekk vere brud, brudgom og forlovarar.

Presten var til stades, men sjølvsagt utan å vie nokon på skikkelig. Etterpå var det duka

til bryllaupsfest. Det neste tema var konfirmasjon. Der fekk vi læra at bibelen er den viktigaste læreboka i kyrkja.

Fleire av deltakarane fekk prøve på konfirmantkapper. På den siste samlinga var tema jul. Her fekk vi høre om Jesus som vart fødd i ein stall i Betlehem. På avslutninga fekk deltakarane utdelt kursbevis og kursperm.

Kurset vart planlagt i samarbeid med tilsette i kommunen, tidlegare kursdeltakar, foreldrepräsentantar, diakon og sokneprest.

**Takk for eit flott kurs!**

**Jannike Gangstø Rogne**  
DIAKON

**Tømmernes 29, 5212 Søfteland**

**Tlf. 93036705**

**m.bjornevik@hotmail.com**

**FØLG OSS PÅ FACEBOOK**

## Gevinstar julemessa 2016

1. Sykkel, Torild Aadland.
2. Sykkel, Ivar Grønvigh.
3. Brodert duk, Lena Ellefseth.
4. Bod for bosscontainer, Odd Hjelle.
5. Nettbrett, Andreas Torsvik Dahl.
6. Gitar, Halvor Igland Lund.
7. DAB+-radio, Noah Sælen.
8. Konsertbilletter FONOS-KONSERT, Elise Abusland.
9. Lego, Martin Hatlestad.
10. Lego, Laura Rait.
11. Sovepose, Jorunn Hodneland.
12. KRIK-genser, Erling Pedersen.
13. Bilde (G. Rimington), Tine R. Holme.
14. Dokke med klede, Maria Halland.
15. Koffert, Rigmor Særvold.
16. Servise, Familien Barman.
17. Tursekk m/ termos, gassbrenner og sitteunderlag, Olve Hindenes.
18. Bilde (G. Rimington), Familien Barman.
19. Duk, Helge Moberg.
20. Duk, Kristine Strat-Børmo.

## Ope hus hos Grete og Vegard Hodneland:

*Ein torsdag kvar månad er det Ope Hus heime hos oss i Velumsbrekkene 28, frå klokka 1930. Datoane finn du på Os kyrkje si nettside, og i Kyrkjebladet.*

## Senior Koinonia - varen 2016

### Samlingar på kyrkjeturnet:

- 12 Januar** - «Sanger fra Telemark», Radio og TV pastor Johnn Hardang.
- 26. januar** - «Madagaskar», Sokneprest og misjonær Kaare Bakke.
- 9. februar** - «Kristne i Syria», Redaktør Kari Fure.
- 23. februar** - «Mission Aviation Fellowship», Misjonær og flyver Ivar Henriksen.
- 6. april** - «Prestesønn i Øst Tyskland – Prest i Norge», Sokneprest David Vogel.
- 20. april** - «Gi det videre. Hva kan eldre gi ungdommen?», Pastor og Bibellærer Tony Jessen.
- 4. mai** - «Tenk, jeg skal hans hilsen frembære», Misjonær og sjukepleiar Kjellaug Åse Fyllingsnes.
- 18. mai** - «Hans Nielsen Hauge – i Afrika!», Senior Bedriftsrådgiver Arne Bjørndal.
- 29. mai - 1. juni** - Koinoniatur!

## Trekningliste Misjonsmessa 2016

### Gevinst, vinnar:

Hardangersaumsduk, Sigrid Franzen.  
Tova bilet, Gerd Fagertun.  
Dokke m/klede og vogge, Britt Reidun Storlid.  
Koppesett (8 pers), Anny og Kaare Bakke.  
Sparksykkel, Fam. Skarding.  
Fiskestang, Tove B. Berge.  
Dbl sengesett, Wally Nilson.  
Koffert, Dorthea Ytredal.  
Juleduk, Laila Jacobsen.  
Bordlampe, Ida Hanne Hagen.  
Lampe, Analice Brekke.  
Borodert kaffeduk, Ruben Bakke.  
Julekrybbe, Olaug Risøy.  
Tursek, Stefan Ingens Hagevik.

## JULEFEST

i Nore Neset kyrkje  
Laurdag 7. januar  
kl. 16.00

Andakt, musikkinnslag, mat og drikke, tryllekunstnar Geir Ellingsen, juletregang.  
Inngang: Vaksne kr 50,-/born kr 0,-/»kjernefamilie» (mor/far/born): kr 150,-

Støtt våre annonsører

# TRAVELNET

**OS REISEBYRÅ AS** Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300

e-post: os@travelnet.no | [www.verden.no](http://www.verden.no)



## KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

**PM Sælen & Co AS**

Tlf. 56 30 44 90

 **jernia**  
[www.jernia.no](http://www.jernia.no)

**Støtt våre annonsører**

## ING. G. VÅGE A.S

5217 Hagavik

Telefon.: 56 30 55 39

E-mail: g-vaage@online.no

[www.vaage.as](http://www.vaage.as)

- Autorisert elektro og teleinstallatør
- Vedlikehold

*Laveste priser i bransjen?  
Når du trenger elektriker  
kontakt Gunnar*

## **DRANGE BRUK A/S**

Høvel- og skurdlast

Panel - lister - golv

Trykkimpregnerte materialer

### ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
5215 LYSEKLOSTER

## **OS HAGESERVICE**

alt innen hage

**Vi lager hageplan,  
murer, legger stein,  
lager plen og planter  
busker og trær.**

56 57 66 77      99 00 80 80  
[www.oshageservice.no](http://www.oshageservice.no)



DRENERING • MURING • SPRENGING

## **Botnevik Samdrift DA**

Alt innen graving  
og transport

Ring Olav på 924 60 307  
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

## **Rørlegger Titlestad**

- NYBYGG
- REHABELITERING
- VANNBÅREN VARME
- SERVICE

Ring for gratis og  
uforpliktende befaring

**Tlf 480 68 830**

mail:

[titlestad93@hotmail.com](mailto:titlestad93@hotmail.com)

[www.rørleggertitlestad.no](http://www.rørleggertitlestad.no)



## **FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND**

Tlf.: 56 58 14 06

Fax: 56 58 39 99

Mob: 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse

- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og  
gullbokstavar.

## **Kyrkjjetunet i Os**

**Vi tar i mot Minnesamvær,  
dåps- og konfirmasjonsselskap,  
kurs etc.** Lokaler med kapasitet  
opp til 80 personar. Vi tilbyr kjøken  
- og betjening i forbindelse med  
minnesamvær.

**Kontakt oss på telefon  
56572400 eller  
[post@os.kyrkja.no](mailto:post@os.kyrkja.no)**



## **GRAVMINNEN**

Stor salgsutstilling av

nye monumenter

Tilføyelser / Oppussing



## **STEINRIKET**

EIKNER NATURSTEIN

ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN  
Tlf. 55 98 70 00

**Døgntelefon  
56 57 49 50**

Jorunn Moberg  
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette  
for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve.  
Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)

## **Os Gravferdsbyrå AS**



## DØYPTE

### 21. august

William Davanger	f. 09.07.16
Theo Moberg Hjertnes	f. 25.05.16
Aleander Nesen Jenssen	f. 29.04.16
Mathias Risvold	f. 27.05.16
Sander Mikkelsen Skåtøy	f. 11.05.16
Oda Røttingen Skjeldal	f. 29.02.16
Svein Erling Bergum Tveit	f. 23.02.16

### 28. august

Hermine Busch Bonnier	f. 25.04.16
Ellinor Sunde Gulbrandsøy	f. 16.04.16
Nils Johan Solberg Hernes	f. 14.04.16
Christian Lundervold Pedersen	f. 01.06.16

### 4. september

Olai Kristian Eide	f. 07.05.16
Oliver Solbakken Hansen	f. 29.04.16
Viktoria Krutnes Herstad	f. 24.04.16
Tobias Haljhjem Kristensen	f. 15.05.16
Sander Kvamme	f. 24.03.16
Vebjørn Lunde	f. 28.03.16
Vilja Lunde-Sørhaug	f. 10.06.16
Sofia Nordvik	f. 10.04.16
Jonas Husebø Turøy	f. 26.05.16
Daniel Tveit	f. 10.09.13

### 11. september

Jan Erik Kasin	f. 07.04.84
Amelia Rokstad Strandenes	f. 14.04.16

### 25. september

Benjamin Kippersund Bergesen	f. 22.06.16
Kaja Storaker Fyllingsnes	f. 07.06.16
Adelina Collado	
Haraldsvik-Kvamme	f. 26.03.16
Oskar Kjærland	f. 26.06.16
Marcus Orrebakken	f. 18.06.16
Sofia Figueroa Rørnes	f. 11.05.16
Bjørn Veim Sørheim	f. 05.05.16

### 2. oktober

Oskar Smedsvik Andreassen	f. 05.07.16
Astrid Askeland Rosvold	f. 27.05.16
Nikolai Solstrand	f. 07.07.16
Emma Sagen Tveit	f. 13.05.16

### 9. oktober

Tomine Hovland	f. 21.06.16
Adela Kleppe Ødegård	f. 09.06.16

### 16. oktober

Jonathan Bakervik	f. 17.06.16
Leander Tveit Håbrekke	f. 16.06.16
Lykke Hjelle-Hitland	f. 02.08.16
Emil Jacob Ivarsen	f. 12.07.16

### 30. oktober

Henrik Bergli Waulen	f. 12.12.02
Sasja Hjelleset Melbø	f. 05.03.04
Sebastian Heldal-Elvenes	f. 19.06.16
Elisabet Hjelleset Melbø	f. 27.07.16
Nathalie Førsund Standal	f. 29.06.16
Oliver Haugland Storum	f. 13.08.16

## 6. november

Magnus Oma Brakestad	f. 07.07.16
Louise Gabrielsen Kvinge	f. 17.08.16
Oda Lunde Haugsbø	f. 29.07.16
Ida Olivia Engelsen Sundfjord	f. 31.07.16
Sivert Berland Veivåg	f. 22.07.16

## VIGDE

### Os kyrkje 20. august

Nina-Therese Olsen & Lars Inge Nesbø  
Ida Benedicte Sætrevik Havre & Ole Bjørn  
Hildeskor

### Os kyrkje 27. august

Lise Iren Sandtorv & Eirik Wilhelmsen  
Mariann Borgen & Espen Gaupås  
Linda Hjelle & Kjetil Lavik

### Os kyrkje 3. september

Silje Eik Kalve & Espen Karlsen

### Os kyrkje 10. september

Hildegunn Eik Meidell & Daniel Lid  
Annicken Helland Grindheim &  
Jan Tore Grindheim  
Lamlyai Yoosuk & Frode Gunnar Heimdal

### 15. oktober

Solveig Stien Raknes & Even Nordanger

### 12. november

Catrine Bergesen & Kjell Arne Haringstad

## KYRKJELEG VELSIGNING AV INNGÅTT EKTESKAP

### Os kyrkje 20. september

Oksana Belavská & Hans-Kristian Kleiven

## DØDE

### Malvin Samnøy

f. 22.12.1923 - d. 17.08.2016

### Eli Marie Skjold

f. 02.05.1941 - d. 17.08.2016

### Gunni Johnsen

f. 31.10.1934 - d. 20.08.2016

### Steinar Tønnes Helvik

f. 28.11.1945 - d. 22.08.2016

### Liv Lundetræ

f. 13.08.1947 - d. 03.09.2016

### Gullborg Lunde

f. 09.12.1920 - d. 05.09.2016

### Henry Nikolai Kvalheim

f. 02.09.1929 - d. 06.09.2016

### Bård Henrik Storum

f. 07.04.1971 - d. 15.09.2016

### Kåre Perry Solibakken

f. 17.02.1949 - d. 16.09.2016

### Kenneth Hjelle

f. 17.04.1970 - d. 21.09.2016

### Eli Askvik

f. 24.05.1946 - d. 22.09.2016

### Oskar Bernhard Stuen

f. 27.10.1925 - d. 23.09.2016

### Carmen Rosa Solvang

f. 02.07.1966 - d. 26.09.2016

### Anna Karlsen

f. 10.01.1924 - d. 30.09.2016

### Gjermund Agnar Tuv

f. 13.06.1930 - d. 30.09.2016

### Kirsten Kvinge

f. 28.05.1924 - d. 05.10.2016

### Gudny Skjønberg

f. 21.09.1926 - d. 16.10.2016

### Olga Johanna Nytræ

f. 21.06.1936 - d. 19.10.2016

### Kåre Lindborg

f. 23.08.1935 - d. 20.10.2016

### Espen Hjelle

f. 01.06.1964 - d. 21.10.2016

### Kari Ådland

f. 21.12.1924 - d. 25.10.2016

### Hans Gottfred Strønstad

f. 21.02.1943 - d. 30.10.2016

### Trond Hjelle

f. 07.09.1967 - d. 04.11.2016

## Takkoffer

Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 14. august 2016

- 21.08.16 Familie og Media, kr 7 928,-
- 28.08.16 Kirkens Bymisjon, Bergen, kr 6 432,-
- 04.09.16 Kyrkjelundet, kr 7 344,-
- 11.09.16 Misjonsprosjektet, kr 10 757,-
- 18.09.16 Alpha Norge, kr 8 061,-
- 25.09.16 Konfirmantarbeidet i kyrkjelyden, kr 6 599,-
- 02.10.16 Menneskeverd, kr 4 663,-
- 09.10.16 IKO, kr 5 671,-
- 16.10.16 Kyrkjelundet, kr 10 476,-
- 23.10.16 Kongshaug Musikkgymnas, kr 15 980,-
- 30.10.16 Konfirmantarbeidet i kyrkjelyden, kr 6 233,-
- 06.11.16 Misjonsprosjektet, kr 5 932,-



GUDSTENESTER

**OS KYRKJE**

- 04.12.16 kl. 10.00: Dåp.  
 04.12.16 kl. 11.15: Nattverd.  
 11.12.16 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.  
 18.12.16 kl. 18.00: Vi syng mange julesongar og høyrer julebodskapen både frå Bibelen og andre tekstar.  
 24.12.16 kl. 13.30 (NRK), 15.15 og 16.30: Julegudsteneste  
 25.12.16 kl. 11.00: Nattverd (NRK)

- 01.01.17 kl. 11.00: Nattverd.  
 15.01.17 kl. 10.00: Dåp.  
 15.01.17 kl. 11.15: Nattverd.  
 22.01.17 kl. 11.00: Nattverd. Lovsong og band.  
 29.01.17 kl. 11.00: Dåp. Born frå «Tårnagentane» deltek.  
  
 05.02.17 kl. 11.00: Nattverd. Konfirmantar deltek.  
 12.02.17 kl. 11.00: Dåp. Utdeling av 4-årsbok.  
 19.02.17 kl. 11.00: Nattverd. Lovsong og band.  
 26.02.17 kl. 10.00: Dåp.  
 26.02.17 kl. 11.15: Nattverd.  
  
 01.03.17 kl. 19.00: Aftansom. Nattverd.  
 05.03.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.  
 12.03.17 kl. 10.00: Dåp.  
 12.03.17 kl. 11.00: Nattverd.  
 19.03.17 kl. 11.00: Nattverd. Lovsong og band. Konfirmantar deltek.  
 26.03.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Barnas misjonsdag. Leirhelg.

**NORE NESET KYRKJE**

- 11.12.16 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.  
 24.12.16 kl. 14.30 og 16.00: Julegudstenste  
 26.12.16 kl. 11.00: Dåp  
  
 08.01.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Ungdommens misjonsgudstenste.  
 22.01.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Konfirmantar deltek.  
  
 12.02.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Bibeldagen.  
 26.02.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.  
  
 12.03.17 kl. 11.00: Dåp. Utdeling av 4-årsbok  
 26.03.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Mariabodskapsdag.

**LURANETUNET**

- 24.12.16 kl. 11.00: Julegudsteneste

**LYSEKLOSTER SKULE**

- 24.12.16 kl. 15.30: Julegudstenste

Sjå [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os) for oppdaterte opplysningar.

**OS Kyrkjelyd****TILSETTE:****SOKNEPREST:**

Margrethe Holmboe Askeland,  
 Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05  
 Mob: 979 51 006, mha@os.kyrkja.no

**KAPELLAN I OS**

Roar Hallesby Evjedal, rhe@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

**SENIORPREST**

Knut-Ivar Askeland. kia@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 07, mob: 905 64 628

**KYRKJEVERGJE/DAGLEG LEIAR:**

Gerhard Hansen, gah@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 03, mob: 911 62 199

**SEKRETÆRAR:**

Elin Oldervoll Moberg,  
 tlf. 56 57 24 02, eom@os.kyrkja.no  
 Monica Refsdahl  
 tlf. 56 57 24 13, mr@os.kyrkja.no

**UNGDOMSARBEIDAR:**

Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 15, mob: 476 56 541

**KATEKET:**

Hildur Løkken Lillestøl, hll@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 14, mob: 45275553

**DIAKON:**

Jannike Gangstø Rogne, jgr@os.kyrkja.no,  
 tlf. 56 57 24 06, mob: 915 89 614

**KANTOR/ORGANIST:**

Andrew Holman, aph@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 11  
 Anita Haugland Berge, ahb@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 09, mob: 990 26 544

**FRIVILLIGKOORDINATOR:**

Inger Johanne Haugland, ijh@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

**KYRKJELYDSPEDAGOG****BARNE- OG FAMILIEARBEID:**

Gro Helen B. Skjælaaen, ghs@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

**TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDER:**

Hege Varhaug-Lekven, hvl@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 15, mob: 909 90 272  
 Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 15, mob: 476 56 541

**DRIFT AV KYRKJER/KYRKJEGARDAR:**

Reidar Berge (mob 416 52 042),  
 Trygve Helgesen og  
 Linn Kjerstin Ø. Rondestveit

**Elektro-Design AS**

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?  
 Ta kontakt med Geir Skarding:  
**Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

**Avs:**

**Os kyrkjelyd**  
Postboks 209  
5202 Os

## BAKSIDA

# Den gode arva frå Martin Luther

Den 31. oktober 1517 slo Martin Luther opp sine 95 tesar mot avlatshandelen. Dermed starta den rekkja av hendingar som vi i dag kallar «reformasjonen», og som kom til å endre ikkje berre kyrkjelivet men også samfunnslivet i Europa på fleire måtar.

Bortsett frå kristninga av Noreg rundt år 1000 er det inga anna hending som har hatt så mykje å seie for kva vi nordmenn trur, og korleis vi lever saman, som akkurat reformasjonen. Det er difor all mogelg grunn til å markere 500-årsjubileet for denne hendinga i 2017.

### Den store oppdaginga

I dette jubileumsåret skal vi takke for og fornye det aller viktigaste i arva frå Martin Luther, nemleg gjenoppdaginga hans av evangeliet om Guds nåde. Etter lang tids kamp fann han fram til at vi ikkje blir rettferdige for Gud ved våre gode gjerningar eller ved å vere særleg fromme, men berre på grunnlag av Jesu liv, død og oppstode. Og vi får ta imot dette som ei gāve gjennom dåpen og trua. Luther skildrar seinare i livet det sentrale i sitt reformatoriske gjennombrot slik: «....at vi ikkje ved gjerningar, men gjennom trua på Kristus blir rettferdige og sæle».

### Senk skuldrene

Dette evangeliet om nåden er ein god bodskap også for menneske i vår tid. Mange, og ikkje minst ungdom, opplever å bli møtt med både eigne og andre sine forventningar om å lukkast med skule, karriere, utsjānad og sosial status. Her blir kvar "sin eigen lukkessmed". Summen av alt dette kan lett opplevast som

nådelause krav, og mange kjenner at dei kjem til kort og strevar med å finne ei mening og eit grunnlag for livet som held anten dei lukkast eller ikkje. Til dei som kjenner det slike, trur eg Luther ville ha sagt: Senk skuldrene, rekk fram dine tomme hender, og ta imot det Gud vil gje deg: Nåde, tilgjeving for syndene, og eit liv i fellesskap med Gud som varer også etter døden. Gud er miskunnsam mot oss, og vi er alle kalla til å gje Guds miskunn vidare i ord og handling. Våre gode gjerningar er i høgaste grad nødvendige, men dei skal ikkje gjerast for å vinne fortene og frelse hos Gud, men fordi medmenneska våre treng dei.

### Viktige impulsar for det norske samfunnet

Arva etter Luther og reformasjonen inneheld også mykje meir, for eksempel hans lære om at alle kristne har ansvar for livet i kyrkjelyden, og at det kristne livet skal levast på den staden vi er sett i verda og ikkje i klosteret. Her ligg sterke impulsar som har vore viktige for at det norske samfunnet i dag er prega både av demokrati og ein stor grad av likskap. På den andre sida er ikkje alt Luther sa og gjorde like verdifullt. Det gjeld særleg det hatske utfallet hans mot jødane på slutten av livet sitt. Dette må vi i dag ta eintydig avstand frå og beklage.

Men mest av alt skal vi i 2017 lyfte fram og forkynne det evangelium som frigjorde Luther og som også kan frigjere oss: Frelsa kan berre Gud gje oss, ufortent og av nåde. Det viktigaste i livet er ikkje kva vi får til, men kva vi får.

**Halvor Nordhaug**

BISKOP I BJØRGVIN

